




Statens vegvesen har no sett på saka. Byggjegrænse er omtalt i planskildringa for ny E39 Vikane–Eikangervåg.



Tabell 3.3.1: Plankart datert 25.07.2019.

Her går det fram:

**«Tilgrensande reguleringsplanar (Fyllingsnes og Stemmemyra)**

Planframlegget har tatt høgde for at reguleringsplanane for Fyllingsnes og Stemmemyra kan realiserast. I samband med utvikling av Fyllingsnes-utbygginga må det sjåast nærare på korleis jordvollen med støyskjerm i nord skal utformast. Her vil det truleg vere noko endra premisser for utforming etter at veganlegget står ferdig.

I planframlegget er det sett av område for mellombels anlegg- og riggområde. Ved avslutta anleggsperiode skal området førast tilbake til tidlegare bruk og gjeldande reguleringsplanar skal gjelde.


**Eksisterande vegplan for E39 Vikane – Eikangervåg**

Det ligg føre reguleringsplan for E39 Vikane–Eikangervåg frå 1995. Planen vil ikkje verte oppheva, men store delar av planen vil falle vekk som følgje av ny reguleringsplan. Unntaket er eit område i vest ved Vikane, der eksisterande plan regulerer køyrbar tilkomst til øya gnr. 214, bnr. 28. Planframlegget legg opp til at eksisterande reguleringsplan framleis skal gjelde for dette området, sjå figur 4.14.1.

(Figur 4.14.1)

I planen frå 1995 ligg gang- og sykkelvegen i sin heilskap på sydsida/austsida av E39. Dette vert endra i planframlegget, der gang- og sykkelvegen vil ligge på nordsida av E39 på strekket frå Vikane til bensinstasjonen på gnr. 214, bnr. 119.»





Reguleringsplanen for E39 Vikane – Eikangervåg (PlanID 1263\_201804 viser ei byggjegrænse på 30 meter. Dersom ein held planen for Stemmemyra opp mot førstnemnde plan ser ein at byggjegrænsa på 30 meter i Stemmemyra planen ikkje er i konflikt med vegprosjektet. Statens vegvesen legg derfor til grunn at det er byggjegrænsa på 30 meter vist i reguleringsplan for Stemmemyra som er gjeldande byggjegrænsa for dette bustadfeltet.

Transportforvaltning  
Med helsing

Frode Moen Aarland  
seksjonsleiar

Ingelin Garen  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*